

Gudsteneste mellom heilag handling og myndiggjering av menigheten



KJETIL AANO, PROST I TUNGENES PROSTI

kjetil.aano@randaberg.kommune.no

Reform og forventningar. Heng dei saman?¹

Kva er ei gudsteneste? Kva feirar vi når vi kjem saman for å feira? Kvifor må vi koma saman? Kva med alle dei som burde koma, men ikkje gjer det? Og kva må til for at det vi arrangerer, skal vera ei gudsteneste?

Bakgrunnen for desse refleksjonane er gudstenestereforma som Den norske kyrkja har gjennomført – og på mange måtar enno står midt oppe i. Reforma er innført. Men arbeidet med gudstenesta må ikkje slutta der.

Det var eit ambisiøst og omfattande reformarbeid som blei innført første søndag i advent 2012. Eg trur det var eit viktig og nødvendig arbeid. – For det første fordi kyrkja til alle tider må arbeida med korleis vi feirar gudsteneste. For det andre fordi gudstenesta si form ikkje er og ikkje kan vera upåverka av miljø, kultur, samtid, språk og stad.

Men samtidig står denne reforma i fare for å bli prega av ein viss ubalanse, eller eit gap. Dette kan uttrykkast på mange måtar: Eit gap mellom dei store orda om reform og fornying og det som mange stader blei ei relativt lita eller avgrensa justering av det som var kjent – mellom storstilte forventningar om ein gudsteneste som skulle appellera breiare og føra kyrkja

nærare folks kvardag og gi rom for stor variasjon, og den relativt byråkratiske handsaminga som dei meir eller mindre spreke reformutkasta blei møtt med – mellom eit sterkt ønske om både å halda fast på ein felles basis, ei felles feiringsform, ein *ordo*,² samtidig som ein tillot lokal kontekstualisering – og det som blei resultatet: at gudsteneste blei ulikt utforma og feira på ulike stader, og gapet mellom dei høgstemte forventningane hos oss fagfolk (prestar, musikarar og andre med heil- eller delansvar for liturgisk tradisjon) som såg dette i liturgihistorisk perspektiv, og brukarane sine enkle ønske om ei gudsteneste som både er gjenkjenneleg, men likevel ny, som ikkje er kjedeleg, og som svingar utan å bli platt, som kommuniserer og snakkar til hovud og hjarte slik at det treffer menneske der dei er, og ikkje der vi skulle ønska dei var.

Eg trur og håpar at det går an å bridga dette gapet. Men det kan bare skje dersom vi erkjenner at det – rett nok i varierende form og med ulike breidde – er der, og at vi erkjenner at vi ikkje er ferdige med reforma. Ho held fram både ved at vi arbeider vidare med å gå lengre der det trengst, og ved at vi viser vilje til å reversera der det trengst – men aller mest ved at vi gjer dette samtidig som vi stadig reflekterer vidare omkring kva det er vi gjer når vi feirar

gudsteneste. Det som er skrive her, er eit uttrykk for mitt ønske om å vera med på den refleksjonen.

Vi treng ein god, grundig, kommunikativ og målretta refleksjonsprosess i heile vår kyrkje. Dette må skje sentralt, på bispedømerådsniva, men òg på soknenivå, på stabs- og menighetsnivå. Målet må vera at vi saman fordjupar oss i kva det er å feira gudsteneste, at det skjer ei samsnakking mellom dei ulike aktørane som har eigarskap til kvar sine deler av det breie spekteret av aktivitetar som kyrkja utfører, om kva som gjer at gudstenestefeiring er ei sentral hending i kyrkjas års-, månads- og vekesyklus – og om kva det er som skal til for at det vi feirar, faktisk er ei gudsteneste.

Reformstim

Den norske kyrkja er for tida midt i ein reformstim. Endringar skjer på mange ulike felt, og dei skjer omtrent samtidig og parallelt. Dei to mest synlege er det som dreier seg om tilhøvet mellom stat og kyrkje, og det som dreier seg om liturgiske reformer, altså utforminga av gudstenesta. I tillegg har vi nettopp fått ei ny salmebok.³ Ei ny bibelomsetjing kom for eit par år sidan, samtidig på nynorsk og bokmål, og førte til ei bibelinteresse som ein neppe hadde heilt sett føre seg.⁴ Omsetjinga har ført til at folks forståing for Bibelen som basisdokument for kultur, litteratur og samfunn er styrkt og fornya.⁵ Ein plan for trusopplæring er ein i full gang med å gjennomføra, med styrking av mannskap i alle bispedøme, og med tilsvarande arbeid i gang i fleirtalet av landets kyrkjelydar og sokn.⁶

I tillegg skjer det - både som ein konsekvens av underliggende endringar knyta til kyrkjas formelle posisjon i samfunnet, og som mange av desse endringane er ein refleks av, og som ein føresetnad for mange av dei større endringane som vi er midt oppe i – ei ny forståing av kyrkja, der det blir lagt meir vekt på det dynamiske i kyrkjas vesen og veremåte.⁷ Kyrkjemøtet har hatt fleire tunge teologiske saker som har profilert kyrkjas identitet.⁸

Religionens plass

To andre prosessar har vore med på å setja kyrkje i fokus på ein tydelegare måte dei siste åra: Det eine er ei veksende forståing for kyrkja som kulturberar og kulturformidlar.⁹ Dette skjer ikkje utan samanheng med ei global oppvakning for religionens plass i samfunnet generelt. Vi lever i ei tid der religion får ein stadig sterkare posisjon som aktør, både i konflikt-skaping og i konfliktløsning.¹⁰ I Noreg er dette særleg komme til uttrykk på to måtar. Først gjennom ei auka erkjenning av at religion faktisk spelar ei rolle også her hos oss. Det andre elementet som har styrkt dette, er den globale interessa som har vakse fram for koplinga mellom religion generelt og kristendom spesielt, og utvikling og utviklingsarbeid. Her har både misjonsorganisasjonar, diakonale aktørar og samarbeidsorganisasjonen Digni vore ein pådrivar for å få denne debatten i gang. Det har lukkast, og gjennom ein kronikk i Aftenposten signaliserte dåverande utviklingsminister Erik Solheim at dette ville han ta opp. Det er også skjedd, både gjennom mediaoppslag og gjennom egne prosjekt der det blir ført samtalar om religionens plass i utviklingsarbeidet.¹¹

Også hendingane 22. juli 2011 synleggjorde kva samfunnsmessig rolle kyrkja faktisk spelar ved å vera nettopp kyrkje. Medvitet om to ting har prega den indrekyrkelege samtalen i etterkant: for det første at stilt overfor krise og sorg, nød og lidning er kyrkjas svar å visa omsorg.¹² Og det andre er at også i møte med lidning og død er kyrkjas svar at vi gjer det vi som kyrkje alltid gjer: Vi vender oss til vår Herre; vi held gudsteneste, og vi forrettar gravferd; vi kjem saman for å sørgje og for å ropa, og for å uttrykka fortvilning og for å formidla håp midt i lidning. Med andre ord: Kyrkja feirar (Sjølv om det i dette perspektivet lett kan bi eit misforståeleg ord, er det eit rett ord) gudsteneste.

Gudstenestereforma

Alt dette ligg der i bakhovudet når vi med våre ulike roller som kyrkjemedlemmer i halvanna til to år har levd med ei gudsteneste der *vår* mening og *vår* involvering blir viktigare enn før.

Reforma var styrt av honnørorda fleksibilitet, stadeigengjering og involvering. Og dette er

ord som langt på veg har prega arbeidet med å omsetja dei sentralt vedtekte ordningane og retningslinjene i lokale handlingar og gudsteneutformingar.

Den største endringa som dette medfører, er ein direkte refleks av impulsar frå særleg engelsk kyrkjedebatt. Det var eit premiss at gudstenesta i Den norske kyrkja skulle få eit mangfald ulike uttrykk, og at desse er det kvar kyrkjelyd – kvart sokn – sitt ansvar å finna fram til og å uforma. Gjennom dette har Den norske kyrkja faktisk tatt eit viktig steg i å internalisere ein del av det som var hovudpoenget i den misjonale reforma av Church of England, slik ho kom til uttrykk i arbeidet som førte til rapporten *Mission Shaped Church* (2004).¹³ Den første encyklikaen frå pave Frans handlar om kyrkjås misjonale vesen, og heile teksten ber preg av det same: Her er det rom for mangfald:

“I dream of a ‘missionary option’, that is, a missionary impulse capable of transforming everything, so that the Church’s customs, ways of doing things, times and schedules, language and structures can be suitably channeled for the evangelization of today’s world rather than for her self-preservation.”¹⁴

Reforma sitt ønske om fleksibilitet og lokal utforming er med andre ord ikkje eit særnorsk eller særluthersk fenomen. Som premiss for arbeidet har dette vore både viktig og konstruktivt, og slik har det fungert i den delen av kyrkjerøyndommen der eg arbeider i til dagleg (Tungenes prosti i Stavanger bispedøme). Men arbeidet må halda fram. Og noen spørsmål blir viktigare. Vi blir utfordra, både som spesialistar og som vanlege kyrkjelydsmedlemmer, til å tenka gjennom kva ei gudsteneste er, kvifor vi skal feira ei gudsteneste, og korleis ei slik feiring ser ut. Mitt håp er at vi i den andre enden vil komma ut med eit sterkare medvit om kvifor, kva og korleis enn det som er tilfellet i dag.

Kva er det vi feirar når vi feirar gudsteneste?

Arbeidet med å utforma vår grunnordning skjedd i tråd med ei rekke verdiar som vi fekk med oss, og vi blei kursa i arbeidet med korleis gå fram. Kursa var godt førebudde; det var gjenomtrent og inspirerende.

Etter prosessen sit eg likevel med ei underleg kjensle av at det er noko som er underkommunisert. I prosessen dukka fleire gonger ein litt uhøgtideleg assosiasjon opp. I musikalen *Spelemannen på taket*¹⁵ er det ei strålende scene der den fromme vismannen Tevje får det for seg at han vil gå bak det ytre, ordningsmessige og finna kjernen i tilhøvet til si kone. Og på ekte og litt banalt hollywoodsk vis syng han:

- Do you love me? – Og ho svarer:
- Tullar du? Her har eg stelt for deg i 35 år; her har eg gitt deg barn og halde hus, har vist deg omsorg og gjort heimen fin og vakker, vore presentabel og gjort deg presentabel. – Og han svarer.
- Jo, alt det er ok, eg ser det, men ”do you love me”?

Eg har litt av den same kjensla i møte med den formidable oppgåva vi har tatt på oss med å reformera gudstenesta i vår kyrkje. Vi har fått verdiar reforma bygger på; vi har fått klare pålegg om kva som skal gjerast i løpet av ei gudsteneste; vi har fått eit opplegg med ein klar ordo; vi har i det heile fått masse materiale å fylla den med, men kva er det vi skal fylla? Kva er det vi feirar når vi feirar gudsteneste? Kva er ei gudsteneste?

Gudsteneste som imaginasjon

Det materialet vi har fått, gir oss mange svar og svar på mange utfordringar. Men eg stiller spørsmålet likevel – av to grunnar. Det første er at det er viktige avvegingar vi heile tida må gjera i høve til den lokale grunnordninga. Og det andre: Dette – spørsmålet om kva ei gudsteneste er, og kva vi vil med den – er noko vi som lagar gudsteneste, ikkje kan la ligga; vi blir aldri ferdige med det, og vi må kontinuerleg arbeida med det saman med våre kyrkjelydar og våre stabar. Vi må gi svar på bakgrunn av vår lange historie og tradisjon. Men vi må alltid hugsa at tradisjon er ein god tenar, men ein dårleg herre.¹⁶ For vi lagar ikkje gudsteneste for tradisjonens skuld, og heller ikkje for dei som gjekk før oss, men for dei som kjem etter oss. Derfor må vi søka svar og laga ordningar som kviler på fortida, men som er gyldige og forstålege for neste generasjon. For det er med gudstenestearbeid som det er med utviklingsarbeid: Det

kommande året er alltid det viktigaste.¹⁷

Gudstenestematerialet vi har fått framlagt, bygger på tre omgrep: Heilag stad, heilag tid, heilag handling. Dette er gode og rette utgangspunkt, og dei hjelper oss til å skjønna kva ei gudsteneste grunnleggjande sett er. Det er – for å seia det litt folkeleg – ei konkretisering av Peters første brev si skildring av å vera gudsfolk: Det er dette folket i møte med sin konge.¹⁸

Gudstenesta er eit kryssingspunkt; det er staden der menneske som trur, møter kvarandre, og der Gud kjem oss i møte. Det skjer til bestemte tider, for Gud er ordens Gud; derfor er det også *tidspunktet* der menneske møter Gud – fordi Gud kjem oss i møte. Og det vi gjer når vi slik kjem saman på bestemte tider og særlege stader, pregar *handlingane* vi utfører. Det er eit møtepunkt mellom Gud og menneske; her skjer eit møte mellom himmel og jord. Her skjer handlingar som tar oss ut av tida og koplar oss på Guds tid. Her blir tidsaksen broten.¹⁹ Og samtidig er gudsteneste kvardagslege ord og handlingar, førebudde av ein prest og ein stab og ein komité, bygd på tradisjon som går 2000 år tilbake, forma av møte med samtida – som også er ein bestemt stad – overleverte som ei rekke ulike val og alternativ og med mål å peika framover, mot dagen i dag og i morgon.

Gudstenesta skal teikna eit bilete for oss av Gud, eit imago (eller image som det heiter på engelsk), og det skal visa oss at vårt mål er å spegla han, for vi er skapte i hans bilete. Og gudstenesta blir til ved at vi – dei involverte – lar Guds bilete, slik vi har lært det å kjenna, samhandla med vår identitet som gudskapte og gudsborn, til å bruka vår imaginasjon slik at andre kan sjå og oppleve det gudsmøtet vi søker å leggja til rette for. Gudsteneste er eit møte som skjer på eit anna plan, fordi Gud har sagt at slik er det – vår oppgåve er å bruka vår imaginasjon til å framstillja det slik at møtet skjer her, nå og gjennom våre handlingar.

Teologisk preik og opplevd røyndom

Teologisk refleksjon må følgjast av den meir praktiske jobben som skal gjerast med å setja saman ledd, velja bøner, finna salmar, song og musikk, laga og framføra(!) preike, og å førebu heilag bad og heilag måltid. Alt dette er sakra-

mentalt; alt er eit uttrykk for at den uendelege Gud møter oss gjennom det endelege, gjennom ord, musikk, handlingar og element som vatn, brød og vin.

Men mellom desse to nivåa – den teologiske refleksjonen og det praktiske førebuingarbeidet – er det eit gap. I vårt gudstenestearbeid må vi vakta oss så det ikkje blir for stort. Vi må ”mind the gap” – og søka å finna forståingsmodellar som ikkje bare seier kva kjærleik er, for å gripa tilbake til Tevje sin song, men som bind kjærleiken – eller gudstenesta – saman med det praktiske kvardagslivet. Med andre ord: det må vera samanheng mellom det vi tenker og seier ei gudsteneste i teologisk forstand er – det vi trur skjer der, og det vi ønskjer skal *erfarast* under kvar gudsteneste – og dei praktiske vala vi kvar gong må foreta i vårt gudstenestearbeid.²⁰

Mellom ”messe” og myndiggjering

Det første eg vil peika på, er behovet for å balansera mellom gudsteneste som eigenverdi, og kva verknad vi forventar den har. Det blir fort for stor avstand mellom teologiens ord om kva ei gudsteneste er, og korleis ho skal fungera, og forsamlinga si oppleving av kva som skjer. Det blir fort eit gap mellom dei store orda, som, dersom dei var eintydig sanne, burde få folk til å strøyma til kyrkja, og vår kyrkjelege kvardag. Når dette gapet blir for stort, kan det truga vår truverd.

Der to eller tre...

Like fullt er det også sant at ei gudsteneste er gudsteneste uavhengig av frammøte og popularitet. Det at Gud kjem oss i møte, er utafør menneskeleg kontroll og på eit utal ulike måtar, men likevel skjer det gjennom konkrete handlingar, på bestemte stader og særlege tider. Det er kjernen i vår gudstenesteforståing.²¹

Gudsteneste er gudsteneste uavhengig av kor mange som møter fram, og uavhengig av kor dyktig forrettande liturg og medliturgs måtte vera – og det same gjeld andre medverkande. Og gudsteneste er det uavhengig av korleis menigheten opplever det. Vi feirar gudsteneste fordi vi trur at Gud der kjem oss i møte. Vi – som mange av våre søsterkyrkjer i Europa – har gjennom mange år erfart synkende oppslutning

om gudstenestefeiringa. Kyrkjegang saman med andre blir opplevd mindre nødvendig enn før. Like fullt held vi fram med feira gudsteneste, fordi vi feirar Guds nærvær i eige liv og i vår verd – og hans kjærleik til oss og alt det skapte. Vi kan ikkje måla gudstenesta aleine ut frå kor mange som kjem. Gudsteneste er meir enn ein skole – meir enn ei opplæring i kristen tru. Den har eigenverdi. Det er Guds folk gjennom sine representantar som feirar gudsnærveret midt i denne verdas mørke, midt i motgang – eller for den saks skuld midt i medgang eller midt i dette vakre skaparverkets lys.

Møte, mat og mål

Men dette perspektivet må ikkje reindyrkast. For vi feirar ikkje gudsteneste for Gud åleine – vi feirar også messe for menighet og medmenneske. Vi må ikkje falla i den grøfta at vi framstiller det som om gudstenesta er eit gudsmøte der folket meir eller mindre kan vera fråverande.

Gudsteneste er folkets møte med Gud. Derfor kan og må eigenverdien balanserast med gudstenestas føremål og verknad. Det er ikkje bare legitimt; det er faktisk avgjerande at vi også stiller spørsmål om kva vi vil gudstenesta skal føra til for Guds folk på kvar plass og til kvar tid, om kva verknad den skal ha. Gudsteneste er også ein reiskap som set gudsfolket i stand til å leva, som Gud brukar til å myndiggjera oss til møtet med livet, kyrkja og kvardagen.

Dert inneber konkret: Gudstenesta er i vår lutherske og norske tradisjon både "messe" og myndiggjering, og har både eigenverdi og verknad. I vårt planleggingsarbeid med gudstenesta må vi vita kva vi vil med den. Vi vil feira Guds nådige nærvær. Men vi vil alltid noe meir. Derfor må vi både i vårt planleggingsarbeid og i vår gjennomføring av feiringa arbeida med for å overvinna gapet mellom gudstenesta sitt vesen og gudstenesta sin verknad. Dei er ikkje motsetningar, snarare to sider av same teologiske sak.

I vår kyrkjes sjølvpresentasjon er det fire honnørord. Dei kan med stort frimod knytast til kvar einaste gudstenestefeiring.

Gudsteneste som vedkjenning

Gudstenesta er Guds nærver her hos oss – og det er vårt vedkjennande svar til Gud som kjem oss i møte. Det er ei vedkjenning med to sider: Det eine er lovsongen og klagesangen: Vi kjem til Gud, vår skapar, frelsar og trøystar med det som er oss, med det vi ber med oss, og det vi har på hjarta. Begge deler høyrer heime i vår tradisjon.

Men det har også ei innhaldsmessig side. Gudsteneste er vår stadfesting av at vi trur – og av kva vi trur på. Det stadfestar vi gjennom det vi les, det vi syng, det vi gjer, og det vi høyrer. Olav Fykse Tveit sitt foredrag å kyrkjemøtet i 2004 heldt på ein framifrå måte fram nettopp denne sida ved det å vera kyrkje. Gudstenesta uttrykker det å vera kyrkje. Der lever vi gudstrua gjennom vår felles stadfesting av biletet av den sanne Gud, slik han har vist oss det – ved at vi ved vår imaginasjon gir uttrykk for det på nye måtar, i tråd med tradisjon og lære.

Gudsteneste som diakonal handling

Kyrkja er eit inkluderande fellesskap fordi vi som kyrkje er kalla til å spegla Gud, og det vi veit om Gud, kan seiast i ordet "hospitality". Gudstenesta er ein refleks av den Gud vi får eit bilete av i forteljinga om den barmhjertige samaritanen. Våre gudstenester er diakonale prosessar. Vi blir alle tatt i mot, tatt hand om, møtt og mata; derfor har diakonane også ei rolle å spela i kvar gudsteneste.

Gudsteneste som misjonar stadfesting

Kvar gudsteneste er ei misjonar hending – og minner oss om den grunnleggande sanninga at presten først og fremst er misjonær. Gudstenesta er misjonar i dobbel forstand: Den *samlar*. Den er eit bilete på tempelet som er bygd på Guds heilage fjell; den er meint som lyset som skin og tiltrekker seg alt som kan gå og krypa – for der er det vakkert, varmt og sant. Derfor har gudstenestas utforming også misjonarale dimensjonar: Det skal vera kvalitet; det skal vera tiltrekkande – dit skal alle folkeslag strøyma! Og samtidig er det "synagogos" – folkemøte der menneske samlar seg for å læra nytt, for å høyra og for å feira det dei har høyrte.

Den andre sida av gudstenestas misjonarale

karakter er at den *sender*. Menneske skal ikkje bli der. Vi skal ut i verda og leva eit liv i tru og etterfølging. Gudstenesta skal stadfesta vår identitet som skapte i Guds bilete, og senda oss ut i verda for å la biletet lysa gjennom det vi er, og det vi gjer. Det er vår etterfølging; det er vår sending – vår imaginasjon.²²

Poenget her er at når vi planlegg og førebur gudsteneste, må messedimensjonen – gudsmøtet som har verdi uavhengig av kven som kjem, og kor vellukka det ytre sett er – alltid balanserast med gjennomtenkte handlingar som uttrykkar kva det er vi ønskjer med akkurat denne søndagens gudsteneste. I det arbeidet kan vi ikkje velja mellom dei fire ulike dimensjonane. Dei er der alltid og må alltid vera der.

Nokre pedagogiske poeng

Gudsteneste og dramaturgi

Den reforma vi har innført, har som føresetnad at det normalt er same rekkefølge mellom dei ulike ledda i ei gudsteneste. Det skal vera felles ordo. Dette er grunnlagt ved å peika på at dette eit stykke på veg er felleskristen tradisjon, og at ein også i Noreg ønskjer ei gjenkjenneleg gudstenestefeiring.²³ Men òg fordi det under dette ligg uuttalte referanserammer, dramaturgiske førestillingar som denne ordoen stadfester. I den delen av landet der eg arbeider, har dette ført til ein diskusjon om nettopp ordoen i gudstenestefeiringa.²⁴

Uavhengig av den diskusjonen må vi auka forståinga for gudstenestas dramaturgiske struktur og poeng, skal vi makta å skapa og framelska gudstenestetruskap. Gudsmøtet skjer ikkje bare i lause lufta. Det speglar modellar og peikar på bilete og referansar som nokon har i hovudet, og som lever og skaper avstand eller nærleik. Utfordringa er at mange av dei som skal feira gudsteneste, ikkje lenger har slike referanserammer i hovudet. Det gjev arbeidet med utforming av gudsteneste lokalt ein ekstra dimensjon.

Her vil eg kort peika på tre tolkingselement til gudstenestas dramaturgi, som kan hjelpa oss i arbeidet med å skapa relevante – eller involverande og stadeigne – feiringar.

Gudsteneste som ei rekapitulering av menneskelivet: Gudsteneste kan tolkast som ei for-

tetta forteljing om menneskelivet. Inngangen er ei stadfesting av kven vi er skapt til å høyra til. Syndevedkjenninga representerer brotet – og vegen tilbake. Ord, song og bøn nærer oss, slik at vi til slutt blir sende ut i verda for å tena vår neste og vår Gud.

Gudsteneste som rekapitulering av Jesu liv: Dette kjem klårast fram når vi ser gudstenesta i eit kyrkjeårsperspektiv: I løpet av året blir heile livsløpet rekapitulert. Men også kvar veke er ei vandring gjennom Jesu liv, kort oppsummert i gudstenesta der vi startar med dåp før vi får undervising, og endar med samlinga rundt påsken og Jesu offer for oss, og blir sende ut på same måten som Jesus sende disiplane etter at han oppsto.

Gudsteneste som møte med Gud, vår Far. Ei gudsteneste kan og tolkast i lys av familiedagen hos pater – eller endå meir – mater familias. Her kjem heile storfamilien saman for å møtast i glede og smerte; her skjer informasjonsutveksling og samtale; her blir det gitt formaning og trøyst; her blir vi metta av eit vel førebudd og nærande måltid, og ikkje minst: Her blir vi sende heim igjen til kvardagen med velsigning og alle gode ønske.

Retorisk medvit:

gudsteneste som kommunikasjon

Det teologiske poenget at i kvar gudsteneste skjer eit møte med den treeine Gud, og at dette møte har eigenverdi og skal ha ein myndiggjerande verknad på gudstenestefeirande forsamling og heile menigheten, reiser spørsmålet om korleis gudstenesta kommuniserer. Den reforma vi nyleg har gjennomført, har som både uttalt og uuttalt premiss at gudstenesta ikkje kommuniserer godt nok. Elles var endring unødvendig. Derfor er det viktig å tenka retoriske poeng og kommunikasjon i det daglege gudstenestearbeidet. Det gjeld både heilskapen og dei einskilde ledda.

Retorikarane visste at ord og kommunikasjon påverkar menneske, og det gjer det best når heile mennesket blir tatt på alvor. Enkelt sagt må derfor arbeidet med ei gudsteneste alltid ha minst tre mål: Ein må tala til *hovudet* slik at menneske skal skjønna meir, få betre innsikt og sjå samanhengar. Ein må røra ved *hjartet* slik at

kjenslene blir involvert. Involvering utan kjensler er uråd, og kjenslene er ein minst like viktig kjelde til forståing og ein like høgverdig del av mennesket som intellektet.²⁵ Og målet for begge delar må vera å påverka *hender og føter*²⁶ slik at gudstenesta gjennom hovud og hjarte myndiggjer oss til *handling*, i livet, i Guds verd og i kvardagen.

Strategiske val av liturgiske og dramaturgiske grep

Når dei dramaturgiske elementa fjernar seg frå det dei refererer til, misser messa meining. Det gjer det viktig å heile tida vega kva verkemiddel vi ønskjer å føra vidare – og kva vi ønskjer å læra opp menighet og messedeltakarar i tydinga av.²⁷ Poenget her er å visa at vi ikkje kan unndra oss spørsmålet om korleis våre val balanserer tilhøvet mellom messe som handling i og for seg, og resultatet den kommunikative og myndiggjerande feiringa er tenkt å ha for dei som samlar seg til gudsteneste.

Det same kritiske refleksjonen bør vi ha til overføring av erfaringar frå andre delar av verda. Mange norske prestar har henta inspirasjon og begeistring i engelske menigheter. Holy Trinity i Bromptom utanfor London framstår nesten som eit pilegrimsmål og har sett sitt stempel på mange prestar. Det same gjeld amerikanske modellar som Saddleback og Willow Creek, som gjennom årvisse leiarseminar når mange, også innafor Den norske kyrkjas tradisjon. Mi meining er at her er det mye å henta, men lite å kopiera. Dei tre kjerneverdiane frå reformarbeidet (involvering, stadeigengjering og fleksibilitet) må brukast aktivt i vår innhenting av impulsar og omforming av idear også herifrå.

Gudsteneste – på veg vidare

Det var arbeidet med gudstenestereforma i 2011–12, som sette i gang desse uhøgtidelege refleksjonane hos meg. Men eg oppdaga fort at arbeid med gudsteneste er ikkje noe ein blir ferdig med. I mitt vidare arbeid med gudstenesteforståinga ligg i alle fall to spørsmål langt framme. Det eine er korleis mitt og vårt gudstenestearbeid skal spegla den stadig sterkare verdsvide dimensjonen ved det å vera kyrkje. Å vera stadeigen er viktig, ja ufråkommeleg.

Men det er viktig bare fordi vi som kyrkje også representerer noko universelt. Vår Gud er Gud for alle, og vår teneste for han skal uttrykkest lokalt, men likevel vera verdsvid.

Vi hentar enno alt for mykje inspirasjon frå eit for smalt felt, det tysk-lutherske eller det anglo-amerikanske. Begge er delar av det verdsvide. Men vi treng å utvida perspektivet – ikkje ved å kopiera andre, men fordi vi også må erkjenne at den verdsvide kyrkja vi døyper våre barn inn i, er nettopp global, også i uttrykk og utforming.

Og det andre er ein nyoppdaga pilegrims-teologi. Å vera kyrkje er å vera på veg. Å feira gudsteneste er å feira vandringa fram mot eit mål vi ikkje i dag heilt ser eller kjenner, men som vi tru på. I Mekane Yesus kyrkja i Etiopia sin medlemsstatistikk skilde dei til for ca. 10 år sidan ikkje mellom døde og enno levande. Administrativt kunne det nok komplisera ting for samarbeidskyrkjer. (Dei har elles svært god oversikt over levande medlemmer, som i dag er ca. 6,5 millionar). Men det er eit talande uttrykk for kva vår gudstenestefeiring er: Det er også ein matstasjon på vegen mot målet.

For pilegrimen er målet viktig. Men like viktig – om ikkje viktigare – er sjølve vandringa. Gudstenesta er matstasjonen som gjer oss i stand til den viktige vandringa. Kanskje kan pilegrims-teologen hjelpa oss i arbeidet med å overvinna gapet mellom mine store gudstenesteord og min og mange manglande gudstenesteglede? Kanskje ligg det løyndommar her som hjelpa oss til få messefeiringa som mål i seg sjølv til å henga betre saman med gudstenesta som myndiggjering av menigheten?

Eg gler meg i alle fall til vandringa vidare.

Noter

- 1 Dette er eit forsøk på å omplanta litt gudstenesteteologi eller liturgisk teologi til norsk kontekst, eit forsøk på å ta gudstenestereformas slagord om stadeigengjering på alvor.
- 2 Reformarbeidet har langt på veg henta ordo-forståinga frå den lutherske liturgikaren Gordon Lathrop. Dette er eit val som gjer reforma meir oversiktelege, men samtidig set grenser for mangfald og kontekstualisering. Gordon Lathrop 1993: *Holy things. A Liturgical Theology*, og 1999, *A Holy People. A liturgical Ecclesiology*. Hegstad har ei meir open forståing av kva gudsteneste er. Harald Hegstad 2009: Den virkelige kirke. Bidrag til ekklesiologien, særleg s 149–173.
- 3 Norsk Salmebok 2013.
- 4 Sjå t.d. oppslag i Vårt lands nettutgåve 25. januar 2012: <http://www.vl.no/kristenliv/bibelen-fortsatt-bestselger/>.

- 5 Spannande refleksjonar om dette er uttrykt bl anna i Amadou/Aschim (red): *Bibelsk*, Verbum 2011.
- 6 Den norske kirke: *Plan for trosopplæring. Gud gir, vi deler*, Oslo/KM 2010.
- 7 "Misjon" og "misjonar" er blitt sentrale ord som talar om kyrkja sitt vesen, og ikkje bare om eit viktig delarbeid. Sjå KM 07/12: Misjon til forandring – utfordringene fra Edinburgh 2010. Darrel Guder (red): *Missional Church. A Vision for the Sending of the Church in North America*, 1998. Det er ein stor litteratur om dette temaet. Her er poenget å visa til rørslas røter, og korleis det har påverka også reformarbeidet i Den norske kyrkja.
- 8 "Den norske kirkes identitet og oppdrag" som eit samrøysta Kyrkjemøte vedtok i november 2004, inviterer alle kyrkjjas medlemmer til å tenka over kva kyrkja er og kva ho skal vera. Hegstad, Dietrich, Skard Dokka: *Kirke Nå*. Tapir akademiske 2011.
- 9 Dette har ført til at kulturdepartementet på eige initiativ har tilført bispedøma kvar sin kulturmedarbeidar.
- 10 Torkel Brekke: *Gud i norsk politikk. Religion og politisk makt*, Oslo 2002, særleg s 15–25. Jürgen Habermas' foredrag i samband med at han i 2005 blei tildelt Holbergprisen: *Religion in the public sphere*. Her tok han store delar av den kulturelle eliten i Noreg på senga ved å framheva religion som eit viktig tilskot til den offentlege diskurs, og som ei vesentleg kjelde til etisk refleksjon. Her spelar Habermas på lag med fleire europeiske tenkarar med eit i utgangspunktet areligjøst verdsbilete, men som likevel aktivt nyttar Bibelen som referansepunkt, og Jesus og Paulus som filosofiske dialogpartnarar og utgangspunkt for refleksjonar både om håpsdimensjonen og tidas slutt, og som Paulus som den første globalisten, som Alain Badiou i *The Foundation of Universalism*, 2003, Jaroslav Zizek og Boris Gunjevic, *God in Pain*, 2012.
- 11 Erik Solheim: *Ta Gud alvorlig*, Aftenposten, 12.08.2010. Prosessen førte til rapporten *Innblikk i forholdet mellom religion og utvikling*, Utenriksdepartementet 2012. Ein kan rett nok stilla spørsmål om kva dette i røynda førte til. Dagens regjering synest ikkje å ta trusdimensjonen i utviklingsarbeidet på alvor.
- 12 Helga Haugland Byfuglien i Oslo Domkirke 24. juli 2011, og kronikk i Aftenposten 24.12.2011.
- 13 *Mission Shaped Church*, CoE, 2004. Denne rapporten til kyrkjemøtet i Den anglikanske kyrkja er sidan seld i 30 000 eksemplar, og har utløyst eit hav av oppfølgingskrift – både jublende og kritiske. I tillegg til å arbeida for eit stort mangfald gudstenesteutformingar opnar rappor-
- ten for ei lang tid vidare gudstenesteforståing enn det som har vore vanleg; den løyser opp det parokiale prinsippet, altså at alle kyrkjelydar har ei geografisk ramme, og den teiknar foreløpige bilete av alternativ. Alle desse elementa er på mild måte reflektert i det norske reformarbeidet med gudstenesta.
- 14 *Evangelii Gaudium*, §27. Avsnittet minner sterkt om ordbruk fra *Mission Shaped Church*.
- 15 Av Sholem Aleichem el. Sjolom-Alejkhem, (oppr. Sholem Naumovich Rabinovich) utgitt posthumt i 1949 og opphavleg framført på Broadway, 22.09.1954. Norsk omsetjing av Hartvig Kiran, 1967.
- 16 Sitert etter Arnfinn Clementsen, foredrag på prostisamling, Tungenes prosti, onsdag 8. feb. 2012.
- 17 Sitert etter Oddvar Espegren, dåverande generalsekretær i Bistandsnemnda (no: Digni). Han brukte det stadig i møte med bistandsprosjekt under eit felles besøk på Madagaskar i 2005.
- 18 1 Pet 2,9.
- 19 Kjetil Aano: *Å bryte tidsaksen. Per Odd Aarrestads kunst*. Mosaikk forlag 2001.
- 20 Hegstad s 172 f: Gudstjenesten som sted for gudserfaring.
- 21 Op cit, særleg s 151–3: "Det vi entydig kan si, er at de kristne kom sammen, og at de tilla disse samlingene stor verdi. Noe detaljert innsyn i hva som foregikk, får vi imidlertid ikke." s 153.
- 22 Når gudsteneste fører til dette, då fungerer den både som open, og som uttrykk for ei folkekyrkje der det ikkje er det etniske som definerer folk, men det felles menneskelege, vårt fellesskap som skapte i Guds bilete.
- 23 Ifølgje Hegstad er det, som alt påpeikt, usikkert i kva grad denne ordoen kan grunnjævast historisk. Hegstad s 153.
- 24 Det tener bispedømet og biskopen til ære at diskusjonen om dette blir ført vidare og at ein ikkje bare brukar formal autoritet for å få dei ulydige sokna tilbake i folden.
- 25 Dette relaterer også til det Hegstad kallar ritualteoretisk perspektiv, op cit s 171.
- 26 På madagassisk er eit vanleg namn på Gud "Han som har skapt hender og føter". I dette ligg ein djup skapingsteologisk innsikt, både om kroppslighet og om mennesket som medskapar.
- 27 Reforma opnar for ulike gudstenestevariantar. Det er ei gåve og gjer det råd for oss som kyrkje å spela på ulike strenger, og å utforma ulike gudstenesteliturgiar. Her kan vi henta inspirasjon både frå engelsk og ikkje mindre frå katolsk gudstenestemangfald.

Samandrag

Hovudpoenget med denne artikkelen er at vårt arbeid med gudsteneste ikkje må slutta i og med at vi nå har gjennomført ei gudstenestereform. I artikkelen stiller eg spørsmål om kva ei gudsteneste grunnleggande sett er, og korleis vi skal uttrykka det.

Mitt svar er at gudsteneste grunnleggande sett er eit dobbelt møte. Det er på den eine sida Guds møte med sitt folk. I gudstenesta blir vår identitet som skapte i Guds bilete stadfesta og verkeleggjort. Dette har eigenverdi ut over tid, stad, tal og stemning. Samtidig er det eit møte der Gud søker å myndiggjera menigheten. I dette perspektivet blir både form, innhald, tid, stad, kommunikasjon og målretta formål aktuelle spørsmål. Eg hevdar at kvar gudsteneste skal spegla kyrkjjas vedkjennande, misjonerande og diakonale dimensjon. Artikkelen søker å reflektera over korleis vi som aktørar med ulikt ansvar for gudstenesta tenker, arbeider og planlegg i dette perspektivet.